Sensorrettleiing KULH2004 vår 2023

Oppgåve 1

Kulturhistoriefaget er kjenneteikna av å handsama både historie og samtid, menneske og materialitet. Drøft ved hjelp av pensum og forelesingar korleis kulturhistoriske perspektiv på materialitet kan vera relevant for klima-/miljøspørsmål.

Et kjennetegn ved kulturhistorie er at faget undersøker både historie og samtid, mennesker og

materialitet. Drøft ved hjelp av pensum og forelesninger hvordan kulturhistoriske perspektiver

på materialitet kan være relevant for klima-/miljøspørsmål.

Sensorrettleiing:

Oppgåva tar utgangspunkt i eit emne som det er forelesen over og som er godt dekt av pensum. Studentane skal demonstrere forståing for korleis kulturhistoriske perspektiv på materialitet kan vera relevant for klima-/miljøspørsmål. Dei mest openberre innfallsvinklane er knytt til emna «Klær og klima» og «Kjøttet eller dyret».

Studentane skal drøfte og lyssetta ulike sider ved klima-/miljøspørsmål. Det er avgjerande at dei får fram kva kulturhistoriefaget kan by på til dette dagsaktuelle emnet, og at materialitetsperspektiv kjem tydeleg fram.

Oppgåve 2

Grei ut om omgrepet «relasjonell materialitet». Vis ved hjelp av døme frå pensum korleis omgrepet kan brukast.

Grei ut om begrepet «relasjonell materialitet». Vis ved hjelp av eksempler fra pensum hvordan begrepet kan brukes.

Sensorrettleiing:

Oppgåva grip inn i mange delar av pensum. Det heilt sentrale verket for å løyse oppgåva er Anita Maurstads artikkel «Den forlengede arm». Ei god oppgåve må vise solid kjennskap til denne, samt trekke inn boka Materialiseringer i drøftinga.

Pensum er også rikt på eldre empiriske tekstar som opnar for å diskutere dei med

utgangspunkt i «relasjonell materialitet». Det er også rom for å trekke inn denne typen drøftingar.

For begge oppgåvene gjeld: I ei god oppgåve er det naudsynt at kandidaten hentar meir enn eitt døme frå pensum, og at empiriske døme kombinerast med teori. Det er samstundes ikkje eit mål å ramse opp så mange døme og teoretiske perspektiv som muleg. Korleis studenten gjer greie for teori, og sett empiri, teori og faghistorie i kontakt med kvarandre er mest avgjerande for resultatet.

Oppgåvene er direkte knytt til pensum, men det er ikkje negativt om studentane trekker inn annan relevant litteratur i tillegg. Sensor må da vurdere korleis litteraturen høver for diskusjonen, og korleis studentane gjer seg nytte av han.